



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Maren Kjelsnes, 51 56 87 09

## Pålegg om rapportering av konsesjons- og jordlovssaker

**Med heimel i jordlova § 3 pålegg Statsforvalteren kommunen å rapportere alle avgjerder etter konsesjonslova og avgjerder etter jordlova §§ 8, 8a, 9 og 12 frå og med 01.01.2023 til og med 31.12.2023.**

### Bakgrunn for rapportering

Jordlova og konsesjonsloven regulerer viktige nasjonale interesser innanfor landbrukssektoren. Regelverket skal ivareta fleire nasjonale omsyn, som jordvern, omsyn til kulturlandskap, busetting, ein kostnadseffektiv bruksstruktur og ei forsvarleg prisutvikling på landbrukseigedomar.

Jordlova § 3 gir heimel for rapportering av alle avgjerder i ein eller fleire sakstypar etter jordlova og konsesjonsloven. Departementet har uttrykt at det kan vere aktuelt å kontrollere om kommunar fører ein praksis i strid med regelverk og nasjonale retningslinjer ved behandling av saker etter jordlova og konsesjonsloven. Viktige nasjonale omsyn kan på den måten stå i fare for ikkje å bli tilstrekkeleg ivaretatt.

Innføringa av rapporteringsheimelen skal ikkje innskrenke den kommunale skjønnsutøvinga. Det er eit klart utgangspunkt at kommunane skal bruke regelverket rett i samsvar med nasjonale retningslinjer.

Kompetansen til å pålegge rapportering er lagt til Statsforvalteren. Dialog og rettleiing overfor kommunane er ein viktig del av våre oppgåver. Rapporteringsheimelen må sjåast i denne samanheng. Statsforvalteren gjennomfører kommunebesøk og kursing for kommunane innanfor landbruksområdet, og vi tek gjerne imot invitasjon. I tillegg besøker vi enkeltkommunar dersom det er ønskeleg og vi gir rettleiing/informasjon over e-post og telefon. Rettleiings- og informasjonsoppgåvene er dermed gjennomførte.

### Rapporteringsprosessen

Rapporteringa blir gjennomført ved at kommunen sender kopi av alle avgjerder etter konsesjonsloven og avgjerder etter jordlova §§ 8, 8a, 9 og 12 til Statsforvalteren. Vi ber om at sakene blir merkte på følgjande måte:



**Kopi til: Statsforvalteren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger (sak 2023/14)**

Dersom kommunen ønskjer å få ei nærare orientering om ordninga, kan de ta kontakt med underteikna saksbehandlar, eller med dei som har signert dette brevet.

Med helsing

Geir Skadberg (e.f.)  
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes  
ass. direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Adresseliste:

Karmøy kommune  
Lund kommune  
Tysvær kommune

Postboks 167  
Moiveien 9  
Postboks 94

4291  
4460  
5575

KOPERVIK  
Moi  
Aksdal